

Elvefiske kan ta til i veke 26, ei veke seinare enn i 2019.

02.06.2020



Elvefiske kan ta til i veke 26, ei veke seinare enn i 2019. ( Arkivbilete ).

**Uskedalselva opnar truleg for fiske i veke 26, kring 23. juni. Det er ei veke seinare enn i 2019. Opninga har samanheng med omorganisering av Elveeigarlaget frå å vera eit lag med begrensa ansvar til å bli eit Samvirkeføretak. Omorganiseringa har vore tema i laget i fleire år. Det er eit krav frå Brønnøysundregisteret. No vert det gjort og alt det formelle skal vera på plass innan nokre veker.**

Det er leiar i Uskedal Grunn- og elveeigarlag, Trond Lekva Myklebust, som fortel dette til Uskedalen.no. Ei omorganisering vil også vera i samsvar med føringar i Lakseloven. Meir informasjon er å finna på nettsida til Norske Lakseelvar.

Faste fiskarar i Uskedalen etterspør informasjon. Inntil vidare er det heller ikkje høve til å kjøpa fiskekort. Nettsida for kjøp av kort er låst. Jan Tommy Skår er ein av dei faste fiskarane i Uskedalen. Han bed om meir informasjon og vonar at eit innlegg på Uskedalen.no kan vera avklarande.



[Det er laga og skilte fleire parkeringsplassar for fiskarane.](#)

Det er rett å ta med at opninga i 2019 var to veker tidlegare enn året før, i 2018.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal